



Slaget ved Stones River - general Rosencrans sitt på hesten til venstre i bildet. Her fall det flere nordmenn enn i noko anna slag i den amerikanske borgakrigen. Copyrighted 1891 by Kurz & Allison, Art Publishers, Chicago, U.S.A. Library of Congress.





Som «Topographical Engineer» i Regimental Headquarters laga Ole R. Dahl kartskisser og beskrivelsar av kampområdet, her ei skisse over Stones River.

Sjølv om dette er ein dårleg kopi, kjenner vi att Murfreesboro, elvene, vegane og terrenget frå karta på neste side.

### Ole R. Dahl teken til fange

Under slaget ved Stones River vart han teken til fange – og eg let han fortelle med egne ord: «Jeg var tagen til fange 2 Gange den 31te Dec., men med min Revolver og Bajonet, aapnede jeg meg vei gjennom Fiendens Geleder.

Min uniform var gjennombo- ret af 9 Kugler, men jeg var uskad naar undtages at mit höire Öre mistet omtrent 1/2 Tome af nederste Kant.»



Karta viser situasjonen kl. 0800 (øvt) og kl. 11.00 (nedst) den 31. desember 1862. Karttegning: Hal Jespersen, www.cwmmaps.com

### Forfremma etter slaget

Etter slaget ved Stone River vart Ole R. Dahl den 31. januar 1863 forfremma til Second Lieutenant i Company B.

Det gjekk ikkje lenge før aspøyingen vart forfremma ennå ein gong, til First Lieutenant. Det skjedde ved Murfreesboro den 14. mars, etter anbefaling av den berømte *colonel* (oberst) Hans C. Heg frå Lier ved Drammen.

Han vart no nestkommanderande i Company B under den danske Captain Joseph Mathiesen.

Ole Rasmussen sin nestkommanderande var Second Lieutenant Ole P. Olson frå Kvam i Gudbrandsdalen.

Nordstatene	Sørstatene
Kommandanter og ledere:	Kommandanter og ledere:
William Starke Rosecrans	Braxton Bragg
Styrker: 41 400	Styrker: 35 000
Totalt døde: 1 677	Totalt døde: 1 294
Sårede: 7 543	Sårede: 7 945
Savnede/fanger: 3 686	Savnede/fanger: 2 500

Kjelde: www.wikipedia.no